



Arkiv: K1 - 144, K2 - C50
JournalpostID: 19/3199
Sakshandsamar: Grytøyra, Geir
Dato: 20.03.2019

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
010/19	Komité oppvekst og kultur	27.03.2019
020/19	Kommunestyret	27.03.2019

Kulturminneplan for Askvoll kommune 2019-2023 - Utlegging til offentlig ettersyn

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Askvoll kommune legg framlegget til Kulturminneplan for Askvoll 2019-2023 ut til offentlig ettersyn, i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14.

27.03.2019 Komité oppvekst og kultur

Handsaming:

Gaute Losnegård sa seg ugild i saka.

Røysting - samrøystes: Gaute Losnegård er ugild i saka. Anja Grov Johnsen vart samrøystes vald som setjeleiar.

Røysting - samrøystes:

Komité for oppvekst og kultur er samd i rådmannen sitt framlegg til vedtak.

KOK-010/19 Vedtak:

Tilråding:

Kommunestyret godkjenner rådmannen sitt framlegg til vedtak.

27.03.2019 Kommunestyret

Handsaming:

Gaute Losnegård sa seg ugild i saka.

Vedtak:

Gaute Losnegård er ugild i saka, jfr. forv.lova § 6, 1. ledd.

Røysting - samrøystes:

Komité for oppvekst og kultur si tilråding vart vedteken.

KOM-020/19 Vedtak:

Askvoll kommune legg framlegget til Kulturminneplan for Askvoll 2019-2023 ut til offentlig ettersyn, i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14.

Kva saka gjeld:

Utlegging til offentleg ettersyn - Kulturminneplan for Askvoll kommune 2019-2023

Saksutgreiing:

Askvoll kommunestyre vedtok i sak 047/17 utarbeiding av Kulturminneplan for Askvoll. Arbeidet med utarbeiding av kulturminneplanen vart lagt til landbruksforvaltninga, medan det vart valt ei fagnemnd med Magne Follevåg, Kari Eikenes Helle, Lasse Vie, Kjell Eikemo og Liv Turid Gjørøy som arbeidsgruppe. Til å gjennomføre det praktiske arbeidet vart Gaute Losnegård engasjert.

For å få eit allment engasjement i planarbeidet har blant anna skulane i kommunen vorte engasjert og laga videosnuttar, lag og organisasjonar har vore invitert og kome med innspel og det har vore møteverksemd i diverse lag og organisasjonar.

Utfrå det arbeidet som har vore gjennomført har det blitt laga eit utkast til kulturminneplan.

Kulturminneplanen er inndelt i tre hovudavsnitt:

- 1 Bakgrunn for planen
- 2 Oversyn over kulturminna
- 3 Handlingsdel

Utkastet til kulturminneplan vart framlagt for arbeidsgruppa i møte 07.03.2019.

Arbeidsgruppa slutta seg til det utarbeidde utkastet til kulturminneplan, og at det vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan og bygningslova § 11-14. Etter at utkastet har lege ute, vil eventuelle innspel bli innarbeidd i planen og det vet teke høgde for at den kan leggest fram for kommunestyre til godkjenning før ferien.

Konklusjon:

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-14 skal framlegget til kulturminneplan for Askvoll for perioden 2019-2023 legast ut til offentleg ettersyn.

Vedlegg i saka:

20.03.2019 Høyringsutkast - Kulturminneplan for Askvoll kommune 2019- 187973
2023

